



Arkivnr: 2015/166-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.03.2015
Fylkesutvalet		26.03.2015

## Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

I Fylkestinget 9. desember 2014, sak 75/14 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vart følgjande verbalforslag nr. 29. vedteke: *Tildeling til Gjesteatelier og Ambrosiahuset holdes tilbake inntil KURE og fylkesutvalget har fått seg forelagt gjeldende eller forslag til retningslinjer for disponering og utlysning av leilighet på Nordnes, i Spania, på Stend og eventuelt andre (kunstner)boliger/gjesteatelier som disponeres av fylkeskommunen eller som fylkeskommunen har rett til å disponere.*

Hordaland fylkeskommune er driftsmessig involvert i gjestekunstnarordningar:

- Gjestekunstnarordninga knytt til Hordaland kunstsenter med driftstilskot og som eigar av husvere
- Ambrosiahuset på Hordamuseet, som leigetakar
- Kunstnarutveksling mellom Hordaland og Nedre-Normandie, med stipend og dekking av andre utgifter

I tillegg har Hordaland fylkeskommune har Hordaland fylkeskommune løyvd midlar til istandsetting av ein gjestekunstnarbustad i Covarrubias i Spania. Dette var eit eingongstilskot og har ingen løpande utgifter no.

Gjestekunstnarordningar, eller artist in residence (air), representerer ein infrastruktur som gjer det mogleg for kunstnarar å ha kortare eller lengre arbeidsopphald andre stader enn der dei bur og arbeider til dagleg. Det har vore ei stor auke internasjonalt i gjestekunstnarordningar, og dette er blitt meir og meir ein del av ei internasjonal og global kunstverd. Utvekslingar kan gjelde alle kunstformar, men står sterkast innan det visuelle kunstfeltet.

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører gjestekunstnarordninga administrert av Hordaland kunstsenter, med bustaden i Nordnesveien 43.
2. Bustaden i Nordnesveien skal reserverast tre månader annakvart år til gjestekunstnar frå Basse-Normandie, som lekk i realisering av samarbeidsavtalen med Nedre-Normandie.
3. Leigeforholdet med Bymuseet / Hordamuseet om bruk av Ambrosiahuset skal seiast opp.
4. Fylkesrådmannen kjem attende med eige sak om bruk av kunstnar-/kulturarbeidarleilighet i Covarrubias, Spania.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.01.2015

Gjestekunstnarordningar og bustader kan vere utviklande både for den enkelte kunstnar som er på opphald, og for det miljøet / lokalsamfunnet som får impulsar frå ein utanlandsk kunstnar. Det er fleire ulike modellar for korleis dette vert organisert. Den internasjonale nemninga på denne type utvekslingar er artist in residence – ofte forkorta AiR.

Hordaland fylkeskommune har eller har vore involvert på ulikt vis i følgjande tiltak.

### 1. Gjestekunstnarordning knytt til Hordaland kunstsenter, med bustad i Nordnesveien

#### Bakgrunn:

Hordaland Kunstsenter ( HKS ) er etablert av kunstnarorganisasjonane med støtte frå fylkeskommunen og er formidlings- og informasjonsbase for samtidskunst. Sidan 1987 har Hordaland kunstsenter koordinert eit kunstnarrecidency for utanlandske kunstnarar. Leiligheten i Nordnesveien 43 vart opprinneleg kjøpt av HFK som leilighet til dåverande ordførar. Då Hordaland fylkeskommune etablerte gjestekunstnerordning i 1987 og ordførar då ikkje lengre trengde dette husværet lengre vart leiligheten nytta til gjestande kunstnarar – administrert av Hordaland Kunstsenter.

Ordninga har gjennom desse åra vore veldrive, og er internasjonalt velrennomert. Ho var ein fleire år delvis knytt til utveksling av nordiske kunstnarar gjennom Nordisk Råd, men har no eit generelt internasjonalt nedslagsfelt.

#### Økonomi:

Det står for 2015 230 000 kroner på fylkeskommunen sitt budsjett til dette under posten *Internasjonalt gjesteatelier*.

#### Driftsmodell, retningslinjer for disponering og utlysning:

Hordaland fylkeskommune eig boligen som vert nytta. Hordaland kunstsenter administrerer ordninga og har også den daglege praktiske oppfølginga, og nyttar tilskotet på 230 000 kroner til å dekke ulike utgifter knytt til dette og til kunstnaren. Det er svært stor søking til dette residenciet, og det har vore nytta ulike metodar for å plukke ut kunstnarar som får delta. Kunstsenteret har no bestemt seg for å gjenninnføre «open calls», dvs. publisere ein open invitasjon gjennom ulike nettsider og nettverk.

Dei gjestande kunstnarane som vert plukka ut til å delta vert tilbydd husvere, arbeidsstudio og eit stipend. Arbeidsplassen har vore lokalisert både på USF Verftet, i Kunstnerfelleskapet CS 55 i C.Sundtsgate og no i hovudsak i HKS sine egne lokaler på Klosteret. HKS ser denne gjestekunstnarordninga som viktig for si generelle verksemd og utviklinga av denne, og alle som vert plukka ut til å delta må bidra til HKS si verksemd m.a. med eit foredrag, presentasjon eller liknande, ope for det generelle publikum. Denne ordninga har også bidratt til fleire nye samarbeidskonstellasjonar mellom dei gjestande kunstnarane og kunstnarar frå Hordaland. Kunstnarar utanfrå har også vore med på å opne dører for Hordalandskunstnarar i andre land.

HKS arbeider no for at gjestande kunstnarar skal få betre kontakt og kjennskap til Hordaland også utanfor Bergen.

Fylkesrådmannen ser dette som ei god og veldrive gjestekunstnarordning og er nøgd med dei prosedyrar for drift og utvelging som ligg til grunn.

Fylkesrådmannen vil oppretthalde støtte til og ser positivt på det arbeidet som vert gjort rundt gjestekunstnarordninga knytt til Hordaland kunstsenter, med leiligheita i Nordnesveien 43 til bruk for dette føremålet. Då denne ordninga no er totalfinansiert av fylkeskommunen bør – som avtalt med HKS – fylkeskommunen gjerast meir tydeleg i utlysning og anna materiale for ordninga.

Hordaland fylkeskommune ønskjer at bustaden i Nordnesveien 43 vert reservert etter avtale tre månader annakvart år til gjestekunstnar frå Nedre-Normandie. Dette er omtala nærare i neste punkt.

## 2. Kunstnarutveksling mellom Basse-Normandie og Hordaland

### Bakgrunn:

Kunstnarutveksling er eit viktig punkt i den underskrivne samarbeidsavtalen mellom Nedre Normandie og Hordaland. I handlingsprogrammet for 2012 – 2015 er tiltak 2 innen kulturfeltet som følgjer: *Development, promotion and presentation of Artists-in-residence projects, especially during the Boréales festival.*

Det har vore kunstnarutvekslingar, og ein har jobba saman for å finne ei meir systematisk tilnærming til denne utvekslinga. Samarbeidet vert no konkretisert og formalisert gjennom ein fireårig avtale som ligg føre. Kunsthøgskulane i dei to regionane er partnerar saman med regionane/fylka.

Denne ordninga inneber at det er ein ung kunstnar frå kvar av regionane som får eit tre månaders gjestekunstnaropphald i den andre regionen. Det eine året er ein mottakar og det andre året sender ein ut.

Kunstnarmobilitet er eit prioritert område i EU sin kulturpolitikk. At dei to kunsthøgskulane også er involvert er med på å kvalitetssikre opplegget og bidra til meir generell kontakt mellom dei to kunstoppføringsinstitusjonane.

### Økonomi:

Utgiftane til denne utvekslinga skal dekkast innfor ramma av budsjettposten som er sett av til oppfølging av samarbeidsavtale med Nedre Normandie (210 000 kroner i 2015).

Det settast innanfor dette av midlar til - det eine året - eit tremånaders stipend på omlag 30 000 kroner pluss reiseutgifter. Det andre året er ein forplikta til å sørge for og dekke evt. utgifter til husvære og arbeidsplass. Det er avtalt med Hordaland kunstsenter at dei skal legge til rette for at i 3 månader annakvart år vil bustaden i Nordnesveien 43 vere reservert til dette føremålet. Det vert difor ikkje ekstra utgifter til dette. Det kan evt. kome til nokre utgifter på til saman omlag 10 000 kroner til leige av arbeidsstad i kunstnarverksstadskollektiv om det skulle vere hensiktsmessig.

### Driftsmodell, retningslinjer for disponering og utlysning:

Gjestekunstnarordninga er retta mot kunstnarar som nyleg er uteksaminerte frå kunsthøgskulen i Caen/Cherbourg, ésam, og Kunst- og designhøgskolen i Bergen. Annakvart år vil ein ung kunstnar frå Frankrike ha opphald i Noreg, og annakvart år drar ein norsk kunstnar til Frankrike. Varigheten av kvart residency er tre månader. Det lysast ut til alle som har gått ut frå masterstudier på dei to kunstskulane dei tre siste åra. Utvelginga vert gjort av ein komité sett saman av representantar frå alle dei ulike partnerane, etter kriterier som er omtala i avtalen.

Sjå elles avtale som er vedlagt denne saka.

### Vurdering:

Fylkesrådmannen ser dette samarbeidet som viktig, og med tydeleg forankring i underskrivne avtaler med vår samarbeidsregion. Den nye avtalen som er utforma spesifikt knytt til kunstnarutvekslinga er godt gjennomarbeidd og legg eit godt grunnlag for vidare utvikling av kunstnarutvekslinga mellom regionane.

## 3. Ambrosiahuset, Stend

### Bakgrunn:

Kunstnarheimen Ambrosiahuset ligg på Hordamuseet på Stend. Det har sidan 1995 vore ein leigeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Hordamuseet/Bymuseet om bruk av dette huset.

Ambrosia Tønnessen (1859-1948) var Noregs første profesjonelle kvinnelege bilethoggar. Då ho etter å ha jobba og studert ute i Europa flytta heim til Bergen kjøpte ho seg eit eldre bustadhus – Runeplass – på Minde som ho fekk modernisert og bygd ut. Huset stod i vegen for vegutbygginga på Fjøsanger i 1992, og med midlar frå Vegvesenet vart det flytta til Hordamuseet kor det no er ein del av den faste bygningsutstillinga. Inventaret er ikkje autentisk / opprinneleg. Dette huset kan i dag leigast av kunstnarar/kulturarbeidarar som ønskjer opphald i Ambrosia Tønnesen sin gamle heim. Det har vore noko ujamnt i bruk, og i hovudsak av folk på engasjement for Hordaland teater og prosjekt knytt til Bymuseet / Hordamuseet, i tillegg til enkeltkunstnarar.

### Økonomi:

Det står for 2015 60 000 kroner på Hordaland fylkeskommune sitt budsjett til dette tiltaket. Desse midlane går i sin heilskap som husleige til Bymuseet i Bergen/Hordamuseet.

Det er i hovudsak gratis å leige huset for kunstnarar, og leigetid ligg gjennomsnittleg på omlag ein måned. Det er ikkje knytt stipend eller anna godgjersle frå fylkeskommunen til dette.

#### Driftsmodell, retningslinjer for disponering og utlysning:

Avtalen mellom Bymuseet/Hordalandmuseum og Hordaland fylkeskommune er som følgjer ang. administrasjon og vertskapsfunksjon:

1. *Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for utleigeforholdet / brukarar av gjesteateliet (bolig og arbeidsstad)*
2. *Hordaland fylkeskommune melder frå til Hordamuseet om tidspunkt arealet er i bruk (ankomst – avreise)*
3. *Hordamuseet tar på seg vertskapsfunksjon når utleigearealet er i bruk så som:*
  - a) *Syner brukar til rett i gjesteateliet og gjer merksam på husreglement ( oppslag) og andre praktiske spørsmål.*
  - b) *Ved synfaring i museet:*
    - *Gjer greie for museet sine fasilitetar som står til rådvelde: telefon, utlån av trådløs telefon om natten, tilbod om å nytta utstillingsareal(Vestibyen) o.a.*
    - *profilera Hordamuseet som vertsmuseum / bildelekk mellom kulturane*
    - *profilera Hordaland fylke som Kulturfylket som legg vekt på internasjonalisering.*

Elles ligg det føre ein meir ordinær husleigeavtale. Kulturavdelinga HFK har – etter henvendingar – godkjend kven som har fått leige huset. Det har dei siste åra ikkje vore lyst ut breitt at det er høve til å søkje om opphald her. Bruken av huset er i samråd og samarbeid med Hordamuseet.

I opprinneleg kontrakt er føremålet at det skal brukast av kunstnarar. Det har dei siste åra også vore opna opp ei meir breiare bruk av dette – m.a. også til personar knytt til museet si verksemd og til Hordaland Teater som også då har haldt til på Stend. Det har altså vore både kunstnarar og kulturarbeidarar som har leigd her. Det har også vore vurdert i kor høg grad leigetakar oppfyller den opprinnelege intensjonen, og om dette har vore i noko låg grad og evt over lengre periodar, har HFK og Hordamuseet vore einige om at den/dei aktuelle leigetakarane dekkjer strømutgifter. Elles har det vore gratis for kunstnarane å disponere huset.

#### Vurdering

Dei siste åra har det vore diskutert administrativt korleis ein best kunne nytte dette huset, utan at ein har konkludert. Ein ser at det har vore vanskeleg å utnytte dette godt som gjestekunstnarbustad. Fylkesrådmannen ser positivt på at ein nyttar verneverdige bygg til slike føremål som dette, men ut frå erfaringar frå andre gjestekunstnarordningar ser ein at det er naudsynt med eit tettare band til eit kunstmiljø for å vere vellukka. Ambrosiahuset si lokalisering kan også gjere denne kontakten vanskeleg. Dette har i hovudsak fungert bra for dei som har eit oppdrag knytt til museet eller teateret på Stend, eller kunstnarar som vil jobbe åleine og uforstyrra med eit prosjekt.

Fylkesrådmannen ser ikkje at fylkeskommunen skal leggje administrative ressursar i å etablere og drive nye system for gjestekunstnarordning i Ambrosiahuset. Leigeavtalen har 12 månaders oppseiingstid, så summen for 2015 må betalast ut. Men fylkesrådmannen tilrår at leigeforholdet for dette huset seiast opp. Det vil i midlertid vere positivt om Bymuseet og evt andre museum og Hordaland fylkeskommune kan sjå på evt andre lokaliteter og system for nytting av museumsbygg til gjestekunstnar- / kunstføremål.

#### **4. Kunstnar-/kulturarbeidarleilighet i Covarrubias, Spania**

##### Bakgrunn

Covarrubias er ein liten landsby i Staten Burgos, nordvest i Spania, og reknast som ein av Spanias best bevarte middelalderbyar. Dei lange historiske banda mellom Covarrubias og Noreg blei i september 2011 styrka då det spansk-norske Olavskapellet blei opna. Kapellet har røter tilbake til 1258 då den norske prinsessa Kristina, dottar av Håkon Håkonsson, blei gifta bort til den spanske prinsen don Felipe. Den norske prinsessa fikk eit løfte om at det skulle reisast eit kapell til ære for Heilag Olav, men prinsesse

Kristina døde tidleg og løftet blei aldri innfridd. Nå etter 750 år, har kapellet blitt realisert med hjelp av ei rekkje sponsorar og støttespelarar.

Prinsesse Kristinastiftelsen blei oppretta i 1992 i Madrid av Noregs ambassadør til Spania og sju representantar for norske firma i Spania. Hovudføremålet med stiftinga er å betre spansk-norske relasjonar gjennom kulturutveksling. Det er også knytt ei venneforeining til dette – med base i Bergen. Det var venneforeinga som først tok initiativ til samarbeide om ein gjestebustad i Covarrubias for kunstnarar og kulturarbeidarar og henvendte seg til Hordaland fylkeskommune. Fylkesutvalet løyvde i september 2007 kr 200 000, og ytterligare kr 30 000 i oktober 2011 til Prinsesse Kristinastiftelsen for å etablere og setje i stand leiligheita i Covarrubias. Fylkesutvalet har sett som ein føresetnad at Hordaland fylkeskommune inngår ein samarbeidsavtale med Prinsesse Kristinastiftelsen om kulturutveksling. Det var ein noko komplisert prosess for venneforeinga å få avtalen i hamn lokalt i Spania, og prosjektet sto på vent i nokon år. Det vart teke nytt initiativ frå sjølve stiftinga og det ligg no til rette for bruk av bustaden / arbeidsstad for kunstnarar / kulturarbeidararar frå Hordaland.

Landsbyen Covarrubias har stilt til disposisjon bruk av ein liten bustad med arbeidsrom til bruk for kunstnarar, kulturhistorikarar, kulturarbeidarar og andre relevante fagfolk frå Hordaland. Tilbodet føreset at det etter nærare avtale blir stilt til rådvelde eit tilsvarande lokale i Hordaland for spanske kulturpersonar.

#### Økonomi:

Det ligg ikkje inne anna økonomi i prosjektet frå Hordaland fylkeskommune si side pr. dags dato enn dei midlane som vart løyvd i 2007 og 2011 til istandsetting.

#### Driftsmodell, retningslinjer for disponering og utlysning:

Det er tale om tidsavgrensa bruk av denne bustaden for relevante fagfolk / kunstnar frå Hordaland. Fylkesrådmannen ser ikkje – i tråd med vurdering knytt til Ambrosiahuset - at administrasjonen i fylkeskommunen åleine skal utarbeide og administrere ordninga. Dei fysiske tilhøva tilseier at denne bustaden høver best for kunstnarar og kulturhistoriske fagpersonar som vil trekke seg litt tilbake for ein periode og nytte dei historiske omgjevnadane. Fylkesrådmannen vil uforpliktande leggje fram prosjektet for relevante partnerar som t.d. historiemiljøet ved UiB og Norsk forfattersentrum for å sonde om dette kunne vere interessant for deira tilsette / medlemmer og om dei kan bidra inn i utarbeiding og administrering av bruken av huset.

#### Vurdering

Ut frå desse møta vil fylkesrådmannen leggje fram ein sak med forslag til retningslinjer for bruk av bustaden.

### **5. Kort presentasjon av andre gjestekunstnarordningar/-bustader der Hordaland fylkeskommune har vore / er involvert**

Hordaland fylkeskommune ser gjestekunstnarordningar og –opphald som positive både for den einskilde kunstnar og dei miljø og lokalsamfunn dei gjestar. Dette kan spesielt ha verknad breitt i eit mindre lokalmiljø. Ein har difor i tillegg til det ovannemnde også gitt prosjekttilskot til ulike aktørar som driv gjestekunstnarverksemd. Det er også eit par andre kunstaktørar som er inne i fylkeskommunen sitt kulturbudsjett som har gjestekunstnarverksemd som ein del av ei breiare kunstverksemd.

-Hordaland fylkeskommune har dei siste tre åra ytt eit driftstilskot til Kunstnarhuset Messen i Ålvik, Hardanger på 100 000 kroner. Før dette fekk Messen fylkeskommunal prosjektstøtte til oppstart via eit treårig tilskot gjennom Kulturelt Utviklingsprogram ( KUP ). Messen er eit regionalt kunstnarsenter for både kunstnarar i Hardangerregionen og gjestekunstnarar frå inn- og utland.

-Radøy kunstsenter får i 2015 180 000 kroner i fylkeskommunalt driftstilskot. Dei har høve til å motta gjestekunstnarar. Dei har periodevis også fått ekstra prosjektstøtte til gjestekunstnarutvekslingar.

-Stiftelsen USF driv Bergen kommune si gjestekunstnarordning og har teke ansvar for ei viss koordinering av informasjon om gjestekunstnarordningar på Vestlandet gjennom nettsida airwestnorway.no. Dei har fått noko fylkeskommunal prosjektstøtte til revidering av dette materialet, og tildeling gjennom KUP til ei evaluering av eige ordning – som basis for ei meir generell studie av gjestekunstnarordningar.

-Stiftelsen 3,14 har fått støtte gjennom KUP til det treårige prosjektet Circulating AiR. Det inneber at dei finansierar og vel ut kunstnarar frå land utanfor Europa som har gjestekunstnaropphald i ulike kommunar i Hordaland – utanfor Bergen. Denne ordninga har høge krav til kunstnaren sitt engasjement i lokalsamfunna.

